

Olje- og Energidepartementet

Kommentarar til høyring "Forslag til endringer i energiloven"

Vi viser til OED sitt høyringsbrev av 17. september 2013 med forslag til endringar i energiloven. Høyringsfrist er satt til 10. januar 2014.

SFE Nett AS har delteke i prosess kring EnergiNorge sitt høyringssvar, og ønskjer som innleiing å støtte synspunkta i deira svar på høyringa.

Andre og supplerande synspunkt:

Sentralnettets utstrekning

- Vi ser ei to-delning av nettet, med eitt nett-nivå med funksjon å knyte det norske og nordiske nett saman, og eitt nettnivå for lokal og regional distribusjon som fornuftig. Dagens praksis kring sentralnettets utstrekning må i enkelte tilfelle vurderast, nettets funksjon må ligge til grunn for klassifisering, ikkje berre spenningsnivå.
- I vårt område er det problematisk at vesentlege investeringar i R- og D-nettet er knytt til etablering av ny fornybar energiproduksjon. Dette er kostnadar som i dag må finansierast av lokale og regionale forbrukskundar. Området er frå før ein stor krafteksportør, og dei lokale forbrukskundane har ingen eigen-nytte av ny produksjon. Nyten av ny kraftproduksjon ligg i det nordiske system (transmisjon), mens kostnadane for tilknyttinga ligg igjen lokalt.

Uavhengig regulator

- SFE Nett er positiv til at reguleringsmyndigheit skal vere politisk uavhengig, det kan sikre naudsynt forutsigbarhet for bransjen.
- Vi ser det som viktig at uavhengig klageinstans vert rigga slik at vedtak i klagesaker kan fattast innan rimeleg handsamingstid. Dagens ordning har slik vi ser det urimeleg lang handsamingstid for klagesaker i inntektsramme- og regulerings spørsmål.

Unntak frå forvaltningslova ved inntektsrammefastsetting

- Inntektsrammesystemet har den eigenskap at ageringa til andre selskap har stor innverknad på våre framtidige inntektsrammer. Vi ser det som uheldig om feilrapportering frå andre selskap utanfor vår kontroll skal få tilbakeverkande kraft på inntektsrammene til alle nettselskap. Det vil svekke forutsigbarhet for nettverksemda. Eventuell reduksjon av inntektsramme bakover i tid må vere avgrensa til det selskap som har feilrapportert.

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00 Heimeside: www.sfe.no
Telefaks: 57 88 47 01 Org. nr.: 984 882 092
Kundesenter: 57 88 47 47 Bankkonto: 8580.13.92356
E-post: post@sfe.no

SFE Nett AS
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 8580.13.93093
Besøksadr. Hamregata 1, Florø

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 8580.13.93069

SFE Kraft AS
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 8580.13.93662

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 8580.13.93182
Besøksadr.: Svelgen

Konsesjon for operatør av distribusjonssystem

- Vi ser det som positivt at OED vil sjå på andre inndelingar enn dagens områdekonsesjonsområde som grunnlag for å vere distribusjonssystemoperatør (DSO).
- OED må etter vår meining legge til grunn at DSO må ha eit geografisk og demografisk omfang som sikrar naudsynt lokal og regional kunnskap og kompetanse. Store naturkatastrofar dei seinare år har tydeleg vist den uvurderlige nytte denne kunnskap og kompetanse har for å sikre og oppretthalde samfunnsviktige funksjonar.

Eigarmessig skilje mellom Transmisjon og anna verksemd

- Høyringa legg opp til to moglege løysingar for eigarmessig skilje. Hovudløysing er at alt nett definert som Transmisjonsnett skal avhendast til Statnett som TSO. I hovudalternativet meiner vi nettselskap som tvangsmessig må avhende sitt nett må få kompensert for dette med ekspropriasjonsmessige prinsipp, med avtalefridom mellom kjøpar og seljar, jamfør. høyringsuttale frå EnergiNorge.
- Alternativ løysing for eigarmessig skilje er at finansielt eigarskap kan fortsette hos nettselskapa, men at ansvar for drift, vedlikehald og utvikling av nettet vert overført til Statnett. Slik alternativet er omtalt i høyringsbrevet kan dette ikkje vere ei god eller framtidsretta ordning. Om dette skal vere eit reelt alternativ må fleire praktiske oppgåver kring nettdrifta ligge hos det lokale nettselskap, men med eit hovudansvar for t.d. vedlikehaldsfilosofi (standarder og krav) hos Statnett.

Med helsing
SFE Nett AS


Asgeir Aase
Nettdirektør


Torgrim Øvrebo
Seniorrådgjevar Nett